



S/J Mathilde utanfor Skorpo for vel eitt år sidan. Torsdag kjem ho att til Uskedalen, med kultur om bord....(Foto: Ingeleiv Langballe)

Torsdag kjem S/J Mathilde til Uskedalen og tre fylkesmusikarar vil halda to konsertar ombord i hardangerjakta denne dagen under tittelen "Med havdur i øyre". På føremiddagen blir det skulekonsert og om kvelden "vanleg" konsert.

Dette er tredje og siste sesongen på Vestlandet med dette turneprogrammet. Elin Grytting (kveding), Einar Mjøsnes (hardingfele/gambe) og Sigbjørn Apeland (harmonium) har folkemusikk som spesialområdet sitt og på repertoaret denne gongen har dei tonar både frå Sunnhordland og Sogn og Fjordane.

Publikum får møta dei mange musikalske uttrykka som kjenneteiknar kystkulturen, både fiskarviser og andre folketonar. Saman med song, hardingfele, gambe og harmonium vert denne kulturskatten kledd inn i vare og vakre arrangement.